

Innspel til Temaplan for breiband og digitalisering 2023-2029

Oppsummering

Innspel

Organisasjon	Aurland kommune
Namn	Beathe Ekhall Stentvedt
E-post	beathe.ekhall.stentvedt@aurland.kommune.no

Digital infrastruktur

Aurland kommune har hatt stor fokus på utbygging av breiband i kommunen. Vi har ein plan «Strategi for breiband 2016-2020» som vi har fulgt og har bevilga kommunale midlar til utbygging i mange områder. No er vi i den situasjonen at siste området vi har fått offentleg tilskot ved ein feil ikkje er blitt høyrte i kunngjeringa som Nkom-gjorde, og dette har medført at prosjektet er stoppa opp. Svært kjedeleg da vi sit med stor eigendel og innbyggjarane der ventar veldig på utbygging. Vi er svært nøgde med samordning og at VLFK handterer utlysing og tilbod. Det er dyktige tilsette der og god hjelp for små kommunar med få ressursar på innkjøp. Men VLFK må vente lenge på svar frå Nkom og prosjekt tek ofte lang tid. Så samla sett går det lenger tid på eit utbyggingsprosjekt no enn når kommune handterte det sjølv.

Andre innspel

Digitalisering og breiband er svært aktuelle tema. Dette er tema alle kommunar har å jobbe med og flott å ha ein overordna plan for Vestland. Aurland kommune tenkjer at planen tek for seg utfordringane vi har i dag på ein god måte med god analyse av ståstad og vegen vidare. Den har stor fokus viktige moment som den demografiske utviklinga, rekruttering, trong for god digital kompetanse hjå innbyggjarar, det grønne skiftet og informasjonssikkerheit. Aurland kommune støtter planen.